

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2019	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	10.04.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	19/597	19/5061

Plansak PlanID 12602019000200 – Mindre planendring - Veg Marås-Soltveit - Godkjenning

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Plan 12602006000800 Rv. 565 Tolleshaug – Soltveit ligg til grunn for bygging av ny veg på strekninga Fv. 565 Marås – Soltveit, finansiert av Nordhordlandspakken.

Statens vegvesen har avklara at kostnadene knytt til prosjektet er langt høgare enn det som ligg til grunn for finansiering gjennom bompengepakka.

Det er difor gjort ei vurdering av kva tiltak som kan gjerast for å kutte kostnadene. Eit av tiltaka er å redusere på lengda av prosjektet, gjennom å utelate å byggje strekninga Marås – Snekkevika. Bygging av denne strekninga vil vere ein opsjon når Statens vegvesen hentar inn tilbod frå entreprenør på bygging av vegen. Det er altså ikkje avklart om lengda vert redusert, men reguleringsplanen må endrast sånn at den kan nyttast uavhengig av om opsjonen vert nytta eller ikkje.

Framlegg til planendring legg opp til ei løysing som byggjer på metode frå tilsvarande mindre planendring utført i 2017. Den gongen i samband med kryssutforminga på Marås (Der «arm» til Manger etter opprinnelig plan skulle koplast på)

I nytt plankart er det lagt inn ei infrastruktursone som det er knytt føresegn til.

§7 Spesialområde: «7.3 Innanfor området infrastruktursone kan det gjerast tilpassingar på den tekniske løysinga vist i planen. Endringane skal ikkje gå utover planformål offentleg trafikkområde.»

Denne føresegna ligg allereie inne i gjeldande plan. I tillegg til infrastruktursona er det vist direkte avkjøring til tømmervelteplassen frå fylkesvegen. Denne erstattar køyrbar tilkomst til tømmervelteplassen under fylkesvegen slik det er vist i gjeldande plan.


Vurdering

Når vegprosjektet i Nordhordlandspakken for Marås – Soltveit RV 565 har trøng for innsparingar er rådmannen samd i at plangrunnlaget må justerast deretter. Bruk av sone med tilhøyrande føresegn


er ei god løysing som gjev fleksibilitet i høve til utforminga av vegtraseen. I og med at strekninga Marås – Snekkevik (Tømmervelteplassen) er opsjon, kan det verte ulik utforming av dei tekniske løysingane i Snekkevikområdet. Dei sonene det er tale om vil ikkje endre sjølvé arealbruken, noko som etter rådmannen si vurdering vil kunna handsamast som mindre endring av plan.

Det er plankart 9 og 10 som vert mindre endra, her vist med utklipp frå område ved tømmervelteplassen:

Gjeldande plan..



Etter planendring:



Endringane er små og løysinga gjev fleksisibilitet i høve til veg med redusert breidd. Samstundes er det med endringa rom for teknisk løysing for påkopling av eksisterande veg til ny veg i Snekkevika, om opsjon Marås-Snekkevik ikkje vert nytta.

Denne mindre planendring har vore på avgrensa høyring og ettersyn til relevante mynde og grunneigarar. Det kom berre ein merknad og den kom frå Fylkesmannen i Vestland. Merknaden ligg ved. Den konkluderer med ingen merknad og at saka kan handsamast med enkel prosess etter reglane i plan- og bygningslova § 12-14. Rådmannen er samd i dette og tek uttalen til vitande.

Konklusjon

Rådmannen i Radøy kommune rår til at mindre endring Marås-Soltveit, PlanID 12602019000200 for detaljreguleringsplan RV 565 Marås – Soltveit ,PlanID 12602006000800 , vert godkjent slik planendringa er beskrive i vedlagt plandokument.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring Marås-Soltveit, PlanID 12602019000200 for detaljreguleringsplan RV 565 Marås – Soltveit ,PlanID 12602006000800, slik planendringa er beskrive i vedlagt plandokument/brev datert 14.03.2019

Endringa gjeld for plankart 9 og 10 i gjeldande plan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 026/2019

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med 6 mot 1 røyst (Roy Bø, FRP).

PLT - vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring Marås-Soltveit, PlanID 12602019000200 for detaljreguleringsplan RV 565 Marås – Soltveit ,PlanID 12602006000800, slik planendringa er beskrive i vedlagt plandokument/brev datert 14.03.2019

Endringa gjeld for plankart 9 og 10 i gjeldande plan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Vedlegg:

Saksdokument